



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 02.02.2021
Møtestad: Brannstasjonen på Mo
Møtetid: 09:00 - 12:00

Det vert møte i styringsgruppa for nytt Nærings- og tenestesenter etter formannskapsmøtet:
- Status framdrift på prosjektet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2021	Godkjenning av møteprotokoll
003/2021	Orienteringssaker
004/2021	Næringsfondsstønad - ekstramidlar i samband med koronautbrot
005/2021	Dagsturhytte - plassering

Notat frå møtet:

001/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2021: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar, rådmann og Kristin Nåmdal orienterte om utkastet til planprogram for Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Formannskapa i kommunane er bedne om å kome med evt innspel til utkastet innan 28. februar. Formannskapet i Modalen samla seg om to innspel til planutkastet:

1. Ein bed om at det vert tatt særskild omsyn til bevaring av Mostraumen i planen.
2. Ein bed om at det vert tatt særskild omsyn til bevaring av Mofjorden/Modalsvassdraget som nasjonal laksefjord

Orienteringar frå ordførar:

- Ungdomsskulen skal no gjennomføre Ungdata undersøking, og resultatane av undersøkinga vil bli presentert for kommunestyret

-I saka om revisjon av konsesjonsvilkår har det ikkje skjedd noko nytt sidan forrige orientering. Ein ventar framleis på at BKK sitt tilsvar på kommunane sine krav skal verte offentleggjort på NVE sine nettsider. Det er sannsynleg at det vert høringsrunde og synfaring etter sommaren.

- Saka om datasenterstrategi kjem opp i kommunestyret 18. februar.

- Saka om pasienttransport har framleis ikkje fått noko permanent løysing i Modalen og Vaksdal. Det kom ikkje inn anbod i dette området i sist anbudsrunde, og det vert jobba vidare med saka. Den midlertidige ordninga med at taxiselskapet kan krevje inn refusjon på vegne av pasienten vert vidareført inntil vidare.

- LVK saman med Modalen og 10 andre kommunar har gått til søksmål for å få omgjort to vedtak i Skatteklagenemda som gjeld berekning av formueverdi og eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegga til BKK produksjon for åra 2014 - 2016. Dersom Skatteklagenemda sitt vedtak vert ståande kan Modalen potensielt måtte tilbakebetale omlag 2,6 mill kr til BKK.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål ang status for val av nytt ungdomsråd. Ordførar orienterte om at det har vore vanskeleg å få ungdomar til å melde si interesse for ungdomsrådet. Kristin Nåmdal foreslo at ordførar kunne vere med på ungdomsskulen for å informere om ungdomsrådet, og at kanskje heile ungdomsskulen kan vere med i ungdomsrådet sidan det er så få elevar.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

004/2021: Næringsfondsstønad - ekstramidlar i samband med koronautbrot

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om søknadane og tildelingskriteriene som søknadane skulle vurderast etter.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

I samband med at Modalen kommune har motteke kr. 357 243,- frå Vestland fylkeskommune gjeldande krisepakke fase 3 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjer næringsfondsstyret følgjande tilskotsløyvingar:

1. Mobryggen drift AS kr. 337 243,-
2. Modalen pensjonat kr. 20 000,-

Vilkår:

Mottakarar av stønad må på førespurnad frå Modalen kommune dokumentere at midlane er nytta i tråd med dei vilkår som vert gjevne i tilsegnsbrev.

005/2021: Dagsturhytte - plassering

Behandling:

Håvard Engeseth stilte spørsmål om han var ugild i handsaminga av denne saka. Han er ein av grunneigarane i Åsen, men eig ikkje den aktuelle lokaliteten som ligg i alternativa til plassering. Formannskapet avgjorde at han ikkje er ugild i saka.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om ho var ugild i handsaminga av denne saka. Ho har ein onkel som er ein av grunneigarane i framlegga til plassering. Formannskapet avgjorde at ho ikkje var ugild i saka.

Tekisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka og svara på spørsmål.

Etter debatten vart det klart at formannskapet var einige i tilråding om plassering av dagsturhytta. Ordførar låg fram alternativt framlegg til vedtak til votering.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet tilrår plassering av dagsturhytta ved Steinavatnet på Nygard
